



FEDJE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

- Møtedato: 23.11.2022, kl. 09.15 – 13.05
- Stad: Fleirbrukshallen, Fedje
- Tilstades: Anna Marit Storemark (nestleiar), Alf Nordseth, Inger Steinsbø og Jan Håkon Husa (medlemmer)
- Forfall: Brit Gunn Tangen (leiar)
- Andre: Ordførar, Stian Herøy, Kommunedirektør Berit Karin Rystad (i sak 50/22, 52/22, 53/22, 54/22 og 55/22), Mona Vabø, Rektor Fedje skule og skulefagleg ansvarleg (i sak 54/22)
- Revisjon: Revisor Ragnhild Kartveit Høyland og revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS
- Sekretariat: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

INNHALDSLISTE

47/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
48/22 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....	2
49/22 Meldingssaker.....	3
50/22 Orientering om interkontrollsystem	3
51/22 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024: Bestille prosjektplan.....	4
52/22 Tilbakerapportering: Orientering om oppfølging av tilrådingar etter frå rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Fedje kommune.....	5
53/22 Tilbakerapportering: Orientering om oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontroll med tema sjukelønsrefusjonar 2020.....	5
54/22 Orientering om Statsforvaltaren sitt tilsyn med Fedje skule – og kommunen si oppfølging av dette.....	6
55/22 Aktuelt i Fedje kommune inkludert bemanningssituasjonen	6
56/22 Oppfølging evalueringsarbeid: Saker i høve mandat og opplæring.....	7
57/22 Møteplan kontrollutvalet 2023	7
58/22 Møteprotokollar frå politiske utval.....	8
59/22 Eventuelt.....	8



47/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 23.11.2022 er godkjent.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 23.11.2022 er godkjent.

48/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 05.10.2022 er godkjent slik den ligg føre.

BEHANDLING I MØTET

Samrøystes.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 05.10.2022 er godkjent slik den ligg føre.



49/22 MELDINGSSAKER

- a. Henvending om tilsetjings sak – med svarbrev frå sekretariatet
- b. Oppfølging av spørsmål som kom under sak 46/22
- c. Informasjon om NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 54/22.

Det vart stilt spørsmål om sakene a og b. Kontrollutvalssekretær Trude Bruket svarte på kvifor sakene står som meldingssaker og ikkje som eigne saker til handsaming, og kommunedirektør Berit Rystad svarte på spørsmål.

Om sak b) Kommunedirektøren svarte at det vart gjort ein feil i saksgangen i sak 070/22 ved at det i vedtaket i formannskapet sto at «formannskapet løyver....». Det er kommunestyret som har fullmakt til å gjera vedtak i saka. Dette vart retta opp ved at saka vart handsama i kommunestyret.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

50/22 ORIENTERING OM INTERNKONTROLLSYSTEM

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen om internkontrollsystem i Fedje kommune til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektør Berit Karin Rystad orienterte om internkontrollsystem og oppfølging av internkontrollen i Fedje kommune.

Presentasjonen vert lagt ved protokollen.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om internkontrollsystem i Fedje kommune til orientering.



51/22 OPPFØLGING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020 – 2024: BESTILLE PROSJEKTPLAN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Med utgangspunkt i diskusjonen i møtet bestiller kontrollutvalet ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon med tema «internkontrollsystem» frå revisor Vestlandsrevisjon IKS.
2. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i første kontrollutvalsmøtet i 2023.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalsssekretær Trude Bruket orienterte om bakgrunnen for saka, og viste til plan for forvaltningsrevisjon, slik den er vedteken i kommunestyret i sak 075/20.

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland orienterte om moglege føremål med eit forvaltningsrevisjonsarbeid på overordna grunnlag.

Kontrollutvalet drøfta saka. Forvaltningsrevisor svarte på spørsmål undervegs.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart drøfta.

Kontrollutvalet samla seg om å endre tema til: «*internkontroll med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året*» i første vedtakspunkt.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Med utgangspunkt i diskusjonen i møtet bestiller kontrollutvalet ein prosjektplan for ein forvaltningsrevisjon med tema «internkontroll med fokus på økonomistyring, herunder oppfølging og rapportering i heile organisasjonen gjennom året» frå revisor Vestlandsrevisjon IKS.
2. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast i første kontrollutvalsmøtet i 2023.



52/22 TILBAKERAPPORTERING: ORIENTERING OM OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR ETTER FRÅ RAPPORT FRÅ EIGARSKAPSKONTROLL: EIGARSTYRING I FEDJE KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om kva tiltak som er gjennomført etter revisor sine tilrådingar i eigarskapskontrollen «Eigarstyring i Fedje kommune» til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få kopi av eventuell rapportering til kommunestyret, jamfør siste punkt i revisor sine tilrådingar, innan utgangen av 3. kvartal 2023.

BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektør Berit Karin Rystad og ordførar Stian Herøy var til stades i saka.

Ordføraren svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om kva tiltak som er gjennomført etter revisor sine tilrådingar i eigarskapskontrollen «Eigarstyring i Fedje kommune» til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få kopi av eventuell rapportering til kommunestyret, jamfør siste punkt i revisor sine tilrådingar, innan utgangen av 3. kvartal 2023.

53/22 TILBAKERAPPORTERING: ORIENTERING OM OPPFØLGING AV TILRÅDINGAR ETTER ETTERLEVINGSKONTROLL MED TEMA SJUKELØNSREFUSJONAR 2020

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om kva tiltak som er gjennomført for å betra arbeidet med sjukelønsrefusjonar til orientering.

Kontrollutvalet ynskjer at revisor følg opp etterlevingskontrollen i samband med interimisrevisjonen.

BEHANDLING I MØTET

Kommunedirektør Berit Karin Rystad orienterte kort om status i saka.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om kva tiltak som er gjennomført for å betra arbeidet med sjukelønsrefusjonar til orientering.

Kontrollutvalet ynskjer at revisor følg opp etterlevingskontrollen i samband med interimisrevisjonen.



54/22 ORIENTERING OM STATSFORVALTAREN SITT TILSYN MED FEDJE SKULE – OG KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV DETTE.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen om Statsforvaltaren sitt tilsyn ved Fedje skule, og kommunen si oppfølging av dette, til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 48/22.

Mona Vabø, Rektor Fedje skule og skulefagleg ansvarleg Fedje kommune, gav ei orientering om tilsynet, og oppfølginga av dette.

Presentasjonen vert lagt ved protokoll.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om Statsforvaltaren sitt tilsyn ved Fedje skule, og kommunen si oppfølging av dette, til orientering.

55/22 AKTUELT I FEDJE KOMMUNE INKLUDERT BEMANNINGSSITUASJONEN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 53/22.

Kommunedirektør Berit Karin Rystad orienterte kort om:

- Bemanningssituasjonen i Fedje kommune
- Rullering av reiselivsplanen

Ordførar Stian Herøy orienterte kort om:

- Flyktningar, integrering og jobbmoglegheitar
- Interkommunal for sjøareal
- Feddie sine planar
- Stramt budsjett



Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

56/22 OPPFØLGING EVALUERINGSARBEID: SAKER I HØVE MANDAT OG OPPLÆRING

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet vidare.

Leiar avgjer om, og korleis, evalueringsarbeidet eventuelt vert følgd opp vidare i samband med møte.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta saka.

Kontrollutvalet ynskjer at kontrollutval vert eit tema i Folkevaldtopplæringa i Fedje etter valet.

Sekretariatet har sendt førespurnad om dette, og føl det opp.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet vidare.

Leiar avgjer om, og korleis, evalueringsarbeidet eventuelt vert følgd opp vidare i samband med møte.

57/22 MØTEPLAN KONTROLLUTVALET 2023

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 slik den ligg føre. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.

BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta møteplanen og ynskta å endra datoar til: 16. februar, 1. juni, 28. september. og 23. november.

Basert på dette la utvalet fram følgande framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 med følgande datoar: 16. februar, 1. juni, 28. september. og 23. november. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.



Dette vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2023 med følgande datoar: 16. februar, 1. juni, 28. september. og 23. november. Kontrollutvalsleiar får fullmakt til å endre dato for møte ved behov.

58/22 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ingen framlegg til vedtak.

BEHANDLING I MØTET

Ingen saker løfta fram.

VEDTAK

59/22 EVENTUELT

Ingen saker meldt.

Internkontroll i Fedje kommune



Kontrollutvalet
23.11.22

KS Kvalitet

Saksbehandler: Rådmannskontoret/Dagrun Gunnarson

Vår referanse: 14/380 - 14/2811 / FE - 446, FA - J02, TI - &40

Dato: 19.08.2014

Emne: Referat frå møte 19.08.2014

Til stades: Vidar Bråthen, Heinz Diehl , Kristine Rossnes, Dagrun Gunnarson. Ole Skoge måtte melde avbod i siste augneblinken pga akutt situasjon på skulen.

1) Status på prosjektet


Mykje det same som sendt ut i internt notat før sommaren med følgjande endringar:

- Reinertsen har opna for nytt felles oppfriskningskurs. Fedje har sagt ja takk til det. Han har sendt ut spørsmål om kor langt kommunane har kome i prosjektet, og kalla inn til møte med erfaringsdeling 30.09.14
- Har fått tilsendt ei URL-adresse frå IKTNH som skulle vere linken mellom AD-systemet og avvikshandteringssystemet. Enno ikkje hatt tid til å teste ut.
- Dagrun har søkt om permisjon det neste året, og kan ikkje vere prosjektleder



Fedje kommune intranett

Siste

 Send til ▾

✕ Avslutt registrering

Mine avvik >

Registrer avvik >

Velg kategori >

Legg inn informasjon

Registrering av avvik



Helse, miljø og tryggleik



Tenestekvalitet



Informasjonstryggleik/personvern



Avvik fra interne og eksterne tilsyn

[Se tidligere registreringer](#)

Internkontroll Teknisk

Vassverket: Beredskapsplan, 2011

FEDJE VASSVERK Internkontroll	Kapittel 5 : Rutine for å hindra gjentaking av avvik	Utarbeida av : ØT	Rev. nr : 0
		Godkjent :	Dato : 070501
		Side : 1	av : 1

Når eit avvik oppstår, skal dette arket fyllast ut.

Driftsansvarleg har ansvar for utfylling. Dersom eit avvik oppstår eller vert oppdaga i eit tidsrom slik at ein kan seia at fleire personar er driftsansvarleg, er ansvar for utfylling felles.

Skildring av avvik :

FEIL som følgje av straumbrot 10. januar 2015.

Vassverk - renseanlegg:

Straumen var borte frå heile Fedje frå lørdag ettermiddag den 10. januar 2015 til søndag formiddag.

Rutine ved avvik:

FEDJE VASSVERK Internkontroll	Kapittel 4 : Rutine ved avvik	Utarbeida av : ØT	Rev. nr : 1
		Godkjent :	Dato : 30112010
		Side : 1	av : 1

Avvik : Vi har eit avvik er når vassverket ikkje stettar eit krav i lov eller forskrift.

Døme : For låg UV-intensitet, fargetal høgare enn 20, manglande vatn eller trykk hjå ein eller fleire abonnentar, membranfilteranlegget produserer ikkje sjølv om det er lite vatn i reintvassmagasinet osb.

Driftsansvarleg er ansvarleg for å lukka avvik – setja i verk dei tiltak som er naudsynte for å få bort avvik som er oppstått.

Revisjon av internkontroll

FEDJE VASSVERK Internkontroll	Kapittel 7 :	Utarbeida av : ØT	Rev. nr : 0
	Intern revisjon av	Godkjent :	Dato : 190105
	internkontrollsystemet	Side : 1 av : 1	

Internkontrollsystemet skal reviderast av Øyvind Tolleshaug og dei driftsansvarlege minimum ein gong pr år.

Ved revisjon skal alle prosedyrar vurderast, alle avvik skal vurderast og ein skal vurderer om det er trong for nye prosedyrar (eller om uskrevne prosedyrar skal verta skriftlege).

Første revisjon seinast 1.desember 2001.

Utført revisjon skal noterast her :

Fedje skule

- Har system for internkontroll.
Gjennomgått og godkjent ved tilsyn i oktober.

Fedje barnehage

- Har system for internkontroll



Revidert
2022

Helse Miljø og Tryggleik

Fedje barnehage
Original 2018
Revidert 2022

Sjukeheimen har system for internkontroll

Internkontroll for pleie og omsorg i Fedje kommune

Nadine Gutte-Preusse <nadine.gutte-preusse@fedje.kommune.no>

Sist oppdatert: 11/2022

•

IKT – IKTNH, internkontroll

- Stort fokus på personvern, IKT sikkerheit og sårbarheit/beredskap
- Prosjekt Informasjonssikkerheit og personvern
- Informasjonskoordinator og informasjonsansvarleg




«Det viktigste en virksomhet kan gjøre er å redusere egne sårbarheter»


Vår jobb er å forsøke å forestille oss det uforutsette.


- Vi må anta at våre virksomheter blir rammet
- Vi må øve på korleis scenarier skal handterast

NSM 2022

 NSM

Nasjonalt
digitalt
risikobilde
2022



- 
- Internkontroll er ein naturleg del av kommunen sin årsrapport. I mange kommunar inneheld denne og årsberetninga. Viss kommunen sin årsberetning og årsrapport er same dokument er det naturleg at rapporteringen på internkontroll takast inn her.
 - Viss kommunen ynskjer ei separat kommunestyre-sak om rapportering på internkontroll, så er det naturleg at det lagast ein egen rapport.

Internkontroll Økonomi

- Økonomireglement og finansreglement.

Rutinar rundt konkrete oppgåver er:

- Økonomimedarbeidar gjer alle utbetalingar i bank, økonomisjef avstemmer bank.
- Økonomimedarbeidar fakturerer, økonomisjef gjer purringar.
- Økonomimedarbeidar køyrer lønn, økonomisjef godkjenner utbetaling i bank
- Økonomimedarbeidar tek i mot fakturaer, minst 2 ulike instansar konterer, attesterer og anviser.

Oppsummering

- Inga heilskapleg internkontroll for heile kommunen
- KF Kvalitet?



Hvor skal vi begynne? Internkontroll på 1-2-5

Kommunedirektøren har det overordnede og samlede ansvaret for hele kommunen/fylkeskommunen. Gjennom delegering får ledere på ulike nivåer ansvar for internkontroll på sitt område, men kommunedirektøren har alltid ansvar for hele organisasjonen.




Tilsyn: Fedje kommune og Fedje skule

Tema: skulebasert vurdering

Skulen skal jamleg vurderer i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (K120).


Kontrollutvalet
23.11.2022



Bakgrunn for tilsynet

- Ein del av dei nasjonale tilsyna som vert gjennomført
- Risikovurdering
 - Noko låge resultat på nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning på 5 årstrinn
 - Folkehelseinstituttet sin oppvekstprofil frå 2021

Kvalitet? Korleis måle?



Oversyn over saka

07.06. Opning av tilsyn

15.06 formøte med Statsforvaltaren

12.08 Gjennomføre Reflex i personalet og leiinga

22.08 Svar sendt Statsforvaltaren

31.10 oppfølgingsspørsmål frå Statsforvaltaren

26.10 svar på førebels rapport sendt frå kommunen

06.10 Førebels rapport sendt til kommunen

05.09 Intervju kontaktlærarar og rektor

06.11 Svar på oppfølgingsspørsmål frå kommunen

08.11 Tilsynet vert avslutta

Kva er undersøkt?

- 1.1. Bruker dere et bredt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevene når målene i læreplanverket?
- 1.2. Vurderer dere om endringer i organiseringen, tilretteleggingen og gjennomføringen av opplæringen kan bidra til økt måloppnåelse hos elevene?
- 1.3. Evaluerer dere de iverksatte endringene og gjør nødvendige tilpasninger?
- 1.4. Sørger dere for en bred og representativ medvirkning i den skolebaserte vurderingen?
- 1.5. Involverer dere elevene i den skolebaserte vurderingen?

Den førebelse rapporten - konklusjonar

Vår vurdering og konklusjon

Å gjere skulebasert vurdering jamleg betyr i utgangspunktet at skulen skal gjennomføre slik vurdering årleg. Nokre gonger vil dette naturleg variere, alt etter kva som er situasjonen på skulen.

Vi har tidlegare vist at skulen manglar eit system for å gjennomføre kollektive analysar av skulen si totale verksemd og kva for endringar som må til for å auke måloppnåinga til elevane. Vi finn òg at skulen ikkje ser ut til å ha ei felles forståing av kva skulebasert vurdering inneber. Vi ser at det er eit uklart skilje mellom skulebasert vurdering og undervegsvurdering for elevane. Undervegsvurdering skal vere ein kontinuerleg prosess der eleven får tilbakemelding på kva hen meistrar og korleis hen kan arbeide vidare for auke kompetansen sin. Som vi har peikt på tidlegare, har lærarane god oversikt over elevane si måloppnåing, men dette gjeld altså i stor grad den einskilde elev si måloppnåing i kompetansemåla for dei ulike faga, og ikkje for skulen som heilskap.

Det går fram av både eigenvurderingar og intervju at skulen har eit årleg stopp-punkt ved nasjonale prøver og Elevundersøkinga, men vi ser ikkje teikn til at det vert gjennomført ein vidare analyse av heile skulen sine styrkar og svakheiter og moglege endringar som kan føre til auka måloppnåing for elevane. Vi finn det difor ikkje sannsynleggjort at skulen gjennomfører skulebasert vurdering jamleg.

Den førebelse rapporten

Varsel om pålegg om retting

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10.

Vi varslar at vi vil gjere vedtak kor vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Kommunen må syte for at skulen oppfyller kravet til skulebasert vurdering, jf. opplæringslova §13-3e andre ledd. Kommunen må sørgje for at skulen

1. brukar eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket.
2. vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane.
3. evaluerer dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar.
4. har er brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga.
5. involverer elevane i den skulebaserte vurderinga.
6. gjennomfører skulebasert vurdering jamleg

Oversyn over saka

07.06. Opning av tilsyn

15.06 formøte med Statsforvaltaren

12.08 Gjennomføre Reflex i personalet og leiinga

22.08 Svar sendt Statsforvaltaren

31.10 oppfølgingsspørsmål frå Statsforvaltaren

26.10 svar på førebels rapport sendt frå kommunen

06.10 Førebels rapport sendt til kommunen

05.09 Intervju kontaktlærarar og rektor

06.11 Svar på oppfølgingsspørsmål frå kommunen

08.11 Tilsynet vert avslutta

Skulen sitt svar

- Strategi for skulebasert vurdering Fedje kommune 2022-2025

SKULEBASERT VURDERING
FEDJE SKULE 2022- 2025



Kva får vi til?
Kva kan vi
gjere betre?

Resultat

Uttalen kjem ikkje med korreksjonar til vår førebelse tilsynsrapport, men viser til at skulen har samla eksisterande prosedyrar og utarbeidd nokre nye rutinar etter vårt varsel om vedtak med pålegg om retting. Vi finn etter dette det sannsynleggjort at forholda som vi peika på i førebels tilsynsrapport er retta og kjem difor ikkje til å gjere vedtak med pålegg om retting.

Når vi vurderer skulen si retting, tek vi stilling til om dei tiltaka de har gjennomført, er tilstrekkeleg til å etablere ein praksis som oppfyller krava i regelverket. Vi vurderer vidare om det er sannsynleggjort at skulen vil følgje den nye praksisen over tid.

På bakgrunn av innsendt dokumentasjon og dykkar skildring av dei kollektive arbeidsprosessar gjennom tilsynsperioden finn vi det sannsynleggjort at dei varsla pålegga er retta og at framgangsmåten vil bli følgt og utvikla vidare over tid. Vi avsluttar difor tilsynet.

**Møteplan 2023**
Fedje kontrollutval

Vedteken: 23.11.2022, sak 57/22

Dato	Planlagde / pålagde saker (i høve lov og forskrift)
16. februar	Prosjektplan: forvaltningsrevisjonsprosjekt Rapport/orientering om interimrevisjon 2022 Tilbakerapportering: Oppfølging av vedtak etter forenkla etterlevingskontroll 2021 Årsrapport kontrollutvalet Årsrapport kontrollutvalssekretariatet – orienteringssak Orientering: Måltal KØB (Kommunal økonomisk berekraft) og status for årsrekneskapen 2022 Budsjettvedtak kontrollutvalsarbeidet – orientering <i>Meldingssak: Avslutning av Statsforvaltaren sitt tilsyn beredskapsplikt og helseberedskap.</i>
1. juni	Årsrekneskap og årsmelding – uttale frå kontrollutvalet Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022 Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2022 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024 Statusorientering: forvaltningsrevisjonsprosjekt <i>Oppdatere møteplan for hausten ved behov</i>
28. sept.	Rapport: forvaltningsrevisjonsprosjekt Revisor si uavhengighet Overordna revisjonsstrategi 2022 Oppfølging av rapport om årsrekneskapen + eventuelle revisjonsmeldingar Orientering om oppfølging av tilrådingar etter etterlevingskontroll 2022 Sluttevaluering – innspel til nytt kontrollutval <i>Aktuelle eksterne tilsynsrapportar</i>
Okt/nov	<i>Folkevaldopplæring kommunestyret</i>
23. nov.	<i>Evt. Rapport: Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i> Orientering frå sekretariatet om mandat og rutiner (<i>arbeidsfordeling mellom administrasjon, kommunestyret og kontrollutvalet m/sekretariat</i>) Orientering frå revisor Engasjementsbrev frå revisor Oppsummering perioden 2019 – 2023 Orientering om internkontroll frå kommunedirektør Dialog med ordførar Orientering om aktuelle kurs Møteplan for kontrollutvalet 2024 <i>Orientering om sentrale tenestemråder og/eller aktuelle investeringsprosjekt</i>

Faste saker på kvart møte:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av protokoll frå sist møte
- Meldingssaker
- Orientering frå/dialog med ordførar og rådmann
- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval?



Andre aktuelle orienteringssaker:

HR og utvikling og økonomi

Investeringsprosjekt

Sentralarkiv

Orienteringar om organisering, internkontroll og pågåande utviklingsarbeid innan tenesteområda:

- Teknisk område og landbruk
- Kultur, skule og barnehage
- Helse og omsorg

Andre saker, fortløpande ved behov:

Tilsynsrapportar frå eksterne

Eventuelle nummererte brev

Fortløpande orienteringar frå revisor

Fortløpande orienteringar frå sekretariatet

Planen er godkjent med atterhald om endringar undervegs.

Tema/saker til handsaming vert avklart med kontrollutvalseiar før innkalling til kvart enkelt møte vert sendt ut.

- Møtedagar i Fedje kommune

Kontrollutvalet: torsdag (ny dag!)

Kommunestyret: torsdag

Formannskap: tysdag